

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 02.09.16
SAKSHANDSAMAR: Pia Kristin Haukås
SAKA GJELD: **Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **050/16**

STYREMØTE: **23.09.16**

3 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF tek rapporten «Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt» frå Internrevisjonen i Helse Vest RHF til etterretning
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten og sende handlingsplanen til internrevisjonen i Helse Vest RHF
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør rapportere status på gjennomføring av handlingsplanen til styret i Helse Fonna HF og internrevisjonen i Helse Vest RHF

Bakgrunn for saka

Internrevisjonen i Helse Vest RHF varsla i brev dagsett 21.03.16 internrevisjon av planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekter. Føremålet med revisjonen er å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkelig og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar.

Rapport frå revisjonsarbeidet vart sendt føretaka 07.06.2016, og vert gjennom denne saka lagt fram for styret i Helse Fonna saman med handlingsplan for oppfølging av tilrådingane.

Oppsummering rapport

Hovudkonklusjonen i rapporten er at føretaka er langt på veg til å leggje eit godt grunnlag for å kunne realisere forventa gevinstar i nye sjukehusbygg. Dette på tross av at ingen av helseføretaka har ein nedfelt rutine for arbeid med gevinstar.

Revisjonsrapporten konkluderer med tilrådingar for kva som bør prioriterast i forbetningsarbeid innafor gevinstrealisering. Internrevisjonen si tilråding er:

- Helse Vest bør vurdere å utarbeide ein felles policy for korleis føretaka skal drive gevinstrealisering, for å legge eit enda betre grunnlag for felles forankring og lik gjennomføring av denne typen investeringsprosjekt
- Føretaka bør arbeide systematisk for å gjere gevinstar meir konkrete, involvere brukarane tidleg og la organisasjonsutvikling bli ein integrert del av korleis byggeprosjekt blir styrt og utvikla
- Føretaka bør sikre at det blir gjennomført systematiske evalueringar og dokumentert kva ein har oppnådd og korleis det har skjedd

Tilrådingane er kommenterte i handlingsplanen for oppfølging av revisjonsrapporten.

Gevinstrealisering i byggeprosjekt i Helse Fonna

Ved Internrevisjonen blei det valt ut å gjere ei vurdering av gevinstrealiserings arbeidet av to byggeprosjekter, renovering av Stord sjukehus som blei ferdig i 2011 og byggeprosjektet Haugesund Sjukehus 2020.

Internrevisjonen peikar på lite systematisk arbeid og fokus i forhold til gevinstrealiseringsarbeid ved prosjektet på Stord Sjukehus.

Om Haugesund Sjukehus 2020 skriv Internrevisjonen:

«Etter vår vurdering har arbeidet med gevinstar og gevinstrealisering i dette prosjektet vore svært godt sett opp imot tilrådd praksis. Dei sentrale elementa i gevinstrealisering, slik disse går fram av tilrådd praksis, er so langt tatt i vare».

Dette synar at Helse Fonna HF har blitt meir og meir medvitne på gevinstrealisering i dei siste 3-5 åra. God planlegging må ligge til grunn for å hente ut ynskja gevinstar. Dette har ein primært lært frå større IKT prosjekt. Då føretaket ikkje har ein formell og nedfelt rutine har en nytta prosedyredokument for omstilling og prosjektmetodikk frå Helse Vest RHF, samt at ein har erfart at gevinstrealisering handlar mykje om endringsprosessar. Ansvar for og eigarskapen til gevinstar og gevinstrealisering er plassert i driftslinja, dette gjennom god involvering gjennom heile prosjektet, frå planlegging til faktisk realisering. Tillitsvalde og verneombod deltar også i gevinstarbeidet, både gjennom prosjektarbeidet og i styringsgruppa.

Føretaket har også nytta sitt eige omstillingsdokumentet, og ein har lagt opp praksis basert på tidlegare erfaringar, noko som reduserer risikoen for manglar og feil. OU-prosessar er sentralt i arbeidet for gevinstrealisering, ein har vore bevisst på at organisasjonsutvikling handlar om å endre arbeidsprosessar og kultur. Gode mål iform av kvantifiserte gevinstar, og fortløpande analyser som gjev rom for endringar av måla underveis er viktig i arbeidet.

Vedlegg

1. Brev frå Internrevisjon Helse Vest RHF
2. Rapport frå Internrevisjonen «Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt»
3. Handlingplan for oppfølging av revisjon